
Saksnr: 2023/882-11
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun
Dato: 02.03.2023

Til: Vestlandsrådet AU

Frå: Fylkesdirektøren i Vestland

Oppfølging av manglande Interreg-finansiering – samarbeidsinitiativ frå Østlandssamarbeidet

Østlandssamarbeidet har på administrativt nivå kontakta Vestlandsrådet sitt sekretariat med førspurnad om å få til eit felles møte så snart som råd med politisk leiing i Kommunal- og distriktsdepartementet om vidare oppfølging av manglande finansiering av Interreg-programma.

Østlandssamarbeidet har etablert eit Europaforum som møteplass for folkevalde frå dei tre samarbeidande fylkeskommunane og Oslo kommune, og utgjer ein felles arena for politikkovervaking, påvirkning og dialog.

Leiar for forumet er Roger Ryberg, Viken fylkeskommune (AP) og nestleder er Gunn Marit Helgesen, Vestfold og Telemark fylkeskommune (H).

Der er lagt opp til at desse to vil stille for Østlandssamarbeidet inn i det påtenkte møtet med politisk leiing i Kommunal- og distriktsdepartementet.

Fylkesdirektøren ber AU ta stilling til om det er aktuelt med vidare oppfølging av initiativet, med sikte på å at Vestlandsrådet skal delta politisk på eit slikt felles møte med Østlandssamarbeidet.